



UTKAST TIL:

Samarbeidsavtale om beredskap

Vinje kommune og Vinje/Haukeli Røde Kors Hjelpekorps

Vedlegg til avtala

- Ressursoversikt til Vinje-Haukeli Røde Kors Hjelpekorps
-

Samarbeidsavtale

FØREMÅLET MED AVTALA

Avtala skal stimulere til samarbeid mellom Vinje kommune og Vinje/Haukeli Røde Kors Hjelpekorps, både før, under og etter ekstraordinære hendinger.

I situasjonar der samarbeidet er i konflikt med pågåande søk- eller redningsaksjonar under leiing av politiet eller Statens vegvesen skal bruken av ressursane avklarast anten med politiet eller med lokal redningssentral (LRS).

VHRK har ei bindande avtale med Statens Vegvesen om evakuering av kollonner på E-134 på Haukelifjell.

OM PARTANE

Vinje kommune har ansvar for sikkerheita og tryggleiken for innbyggjarar og besøkande, noko som er lovbestemt i Lov om kommunal beredskapsplikt. Kommunen skal derfor ha ei risiko- og sårbarheits analyse og ein overordna beredskapsplan. Denne planen inneber mellom anna tiltakskort, kommunal kriseleiing, ressursoversikt, varslingslister, evakueringsplan og media- og kommunikasjonsplan. Beredskapsplanane skal reviderast jamleg og liggje til grunn for øvingar

Vinje-Haukeli Røde Kors Hjelpekorps (VHRK) blir drifta i tråd med mandata og prinsippa til den internasjonale Røde Kors-rørsla og Lover for Norges Røde Kors. I Vinje driv hjelpekorpsset i hovudsak med søk og redning, og all aktivitet er frivillig. Det er normalt politiet og AMK som rekvirerer Røde Kors. På alarmplanen til VHRKH er det ca 25 frivillige som bidreg på søk og redningsaksjonar. Medlemmane har kompetanse og utstyr til søk, redning, førstehjelp og transport utanfor veg, både til fots og med motoriserte køyretøy.

VHRK har lager/garasje i Edland, der det meste av utstyret står lagra. Dette er ein svakheit og legg ikkje til rette for ein rask og sikker respons.

Ved å opprette garasje/lager på Rauland så vil VHRK ha betre dekning av kommunen og kunne yte betre beredskap og respons. Sjå avsnitt «økonomi».

SAMARBEID OM BEREDSKAPSPLANLEGGING OG FØREBUING

Før ekstraordinære beredskapshendingar skal kommunen involvere VHRK i beredskapsplanarbeidet. Det gjeld også øvingar der det er relevant. VHRK er representert i det kommunale beredskapsrådet.

VHRK skal sende oppdatera lister på tal på frivillige, kontaktinformasjon og ressursoversikt til Vinje kommune.

SAMARBEID VED EKSTRAORDINERE HENDINGAR

Ved ekstraordinære hendingar kan Vinje kommune be om bistand frå VHRK, både av frivillige og av utstyr.

VHRK kan bidra til følgjande funksjonar:

- Søk, redning og transport

Ved søks- og redningsoppdrag bistår VHRK politiet. I kommunal beredskap vil VHRK kunne oppsøke brukarar av heimebaserte tenester og andre innbyggjarar for tilsyn, utkøyring av mat, vatn, medisinar, brensel og anna utstyr.

VHRK vil også kunne bistå helsetenesta i kommunen med å få fram personell til brukarar av helsetenesta i kommunen.

- Evakuering

Ved behov for evakuering vil VHRK kunne stille med mannskap og ressursar til transport. Dette gjeld særleg transport utanfor veg.

- Samband og kommunikasjon

VHRK har både nødnett, basestasjonar, VHF-radioar (som også har jaktkanalar) og repeaterar. Både nødnett repeaterar og VHF repeaterar. Ved fråvær av kommunikasjon vil VHRK kunne bistå med å utvide dekningsområde for samband og ha funksjon som lyttevakt til ulike frekvensar.

- Materiell

VHRK har relevant materiell til rednings- og beredskapsarbeid som kan stillast til disposisjon etter nærare avtale. Dette gjeld mellom anna samband, snøskuterar, ullteppe, lysutstyr, satelittelefon, recco, undervasskamera m.m. Sjå vedlegg 1 utstyrsoversikt.

- Generelt

Ved ekstraordinære hendingar som krev meir ressursar enn det VHRK kan stille med, vil VHRK kunne be om bistand frå andre Røde Kors-foreiningar i fylket/nabofylket.

Behov for bistand utover dei skissera oppgåvene må avklarast direkte mellom partane.

OPPLÆRING OG KOMPETANSE

VHRK har ansvar for opplæring av sine frivillige i samsvar med Røde Kors sine kursplanar og krav. Det er mellom anna opplæring i livreddande førstehjelp, søks- og redningsmetodar og leiarskap.

Ved øvingar og kurs knytt til beredskapsarbeid og beredskapsplanen skal kommunen invitere VHRK som deltakar.

TAUSTHEITSPLIKT

Alle frivillige i VHRK har signert ei etikk- og taustheitserklæring.

FORSIKRINGAR

VHRK har forsikring på personar og utstyr gjennom Norges Røde Kors. Forsikringa gjeld alle som deltek i aktivitetar i regi av Røde Kors.

ØKONOMI

VHRK dekker utgifter til opplæring av frivillige, i tillegg til innkjøp og drift av eige utstyr. Innsatsen til dei frivillige i VHRK er uløna.

Ved ekstraordinære hendingar der kommunen ber om bistand frå VHRK eller blir utgiftsdekninga fordela slik:

- Køyregodtgjersle blir dekt av Vinje kommune, i samsvar med statens regulativ og satsar.
- Forpleiing av frivillige utover 4 timar blir godgjort av Vinje kommune etter rekning frå VHRK, satsane som vert lagt til grunn er dei til kvar tid gjeldande satsane frå HRS.
- Kommunen erstattar tapt og øydelagt utstyr som ikkje blir dekt av forsikringar. VHRK skal få dekt forbruk av varer som tau, ikkje-ladbare batteri, drivstoff m.m.
- Dersom det er behov for å skaffe meir utstyr, skal dette avklarast med kommunen før innkjøpet blir gjort.
- Uforutsette utgifter for VHRK kan dekkast etter nærare avtale dersom kommunen vurderer at det er urimeleg at Røde Kors skal dekke dei.

Økonomisk kompensasjon som ikkje fell inn under avsnittet ovanfor:

- Som godtgjersle for denne avtala så dekker Vinje kommune leigeutgifter inkl straum, brøyting og kommunale avgifter til garasjeplass/lager på Rauland. Garasjeplassen har ein størrelse som gjer det mogleg å ha 1 stk bil, 2 stk skuterar på tilhengar, 1 stk atv og diverse mindre utstyr ståande innelåst, i oppvarma rom under tak.
- VHRK syter for å finne egna garasjeplass/lager på Rauland.
- Ved møte i beredskapsrådet og andre møter der kommunen kallar inn representant frå VHRK så dekkjer kommunen møtegodtgjering og køyring på lik linje som andre kommunale møter.

BRUK AV LOGO

Bruken av kommunevåpenet skal berre skje etter godkjenning av Vinje kommune. Bruken av Røde Kors-emblemet eller andre kjenneteikn skal berre kunne skje etter godkjenning av Røde Kors. Bruken må vera i samsvar med internasjonale og nasjonale reglar for bruken av desse kjenneteikna.

VARIGHEIT OG OPPSEIING

Denne avtala gjeld i ei periode på fem år etter signering. Begge partar kan seie opp avtala, eller skriftleg krevje at avtala blir reforhandla i løpet av 3 månader.